



Populært med pizza på kjekk skulemusikkavslutning.

**Tysdag 20.juni hadde Uskedal Skulemusikk avslutning for sesongen. Dette var avslutninga for dei som allereie spelar i korpset, og første øvingsdag for dei som har vore aspirant denne sesongen og skal byrja i korpset til hausten.**



Det var rikeleg med pizza.

Det var kjøpt inn rikeleg med pizza og is, så her var stemninga på topp. Tradisjon tru hadde vi nokre konkurransar denne ettermiddagen. Den eine var å setta opp og ned eit notestativ med bind framfor augene. Den andre konkurransen var 'noteteori'. Her vart dei delt inn i 3 lag, og kvart lag fekk utdelt tilsaman 3 ark med ulike 'musikalske nøtter'.

Denne sesongen byrja litt trått då det var fleire av medlemene frå fjoråret som slutta av ulike årsaker. Så når vi kom til første øvinga i august i fjor var vi 12 stk. som var klare til å ta fatt på ein ny sesong. Dette er i minste laget, men musikanterne har vist stort pågangsmot, og det er utruleg kva dei klarar å få til når ein bare jobbar lenge nok med musikken. Det har som tidlegare år vore ein jamn progresjon utover i sesongen, og alle musikanterne har heva seg fleire hakk.



Frå ein av dei kjekke leikane.

Komande sesong startar opp med første øving tysdag 22. august. Då har vi eit par øvingar før vi reiser til Kinsarvik ilag med Husnes Skulekorps og Rosendal Skulekorps. Der skal vi ha felles seminar, og mykje sosialt samver. Dette er eit av høgdepunkta for musikantane. Utruleg kjekt å kunne samlast på denne måten ein gang i året.

I Uskedal Skulemusikk er det plass til alle. Så om du har vore med tidlegare og har lyst å spela igjen til hausten er du hjartleg velkomen. Det er alltid kjekt å få 'gamle' musikantar tilbake. Og har du ungar som har lyst å byrja i korpset er det bare til å melde dei inn som aspirant. Dette er ein strålende kjekk hobby der alle er inkludert til ei kvar tid og ein kan drive med denne hobbyen heile livet. I tillegg er det ein fantastisk kjekk gjeng med musikantar som er med i dag. Alle tek vare på kvarandre, og alle stemmene i korpset er like viktige og ein har mykje 'lått og løye' saman i løpet av sesongen.

Uskedal Skulemusikk vil ynskja alle støttespelarar gjennom sesongen ein god sumar. Vi set stor pris på den støtta vi får frå Dykk her i Uskedalen. Det gjeld alt frå gåver, positivitet og ikkje minst oppmøta vi opplever når vi har konsertar i bygda. Det er alltid kjekt å gjennomføra ein konsert når det er mykje tilskodarar til stades.

Mvh  
Musikantar, styret og dirigent i Uskedal Skulemusikk

Tekst og foto: Tor Skeie Olsen  
Nett: Thor Inge Døssland